

Vestland fylkeskommune  
Postboks 7900  
5020 BERGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/1665 - 20/33946

Saksbehandlar:  
Tone Furustøl  
tone.furustol@alver.kommune.no

Dato:  
08.06.2020

## Vurdering av utsatt iverksetting - gbnr 1/80 og 1/285 Flatøy

**Tiltak:** dispensasjon for bruksendring fra naust til næring  
**Byggjestad:** Gbnr: 1/80  
**Tiltakshavar:** Øystein Sulebakk

I mottatt brev, datert 29.05.2020, er det oppmoda om utsett iverksetting av Utval for areal, plan og miljø (APM) sitt vedtak med saksnr 059/20, datert 29.04.2020, om dispensasjon for bruksendring frå naust til næring – gbnr 1/80 og 1/285 Flatøy. I følgje dykkar skriv av 29.05.2020, så var det ved en inkurie ikkje bedt om utsett iverksetting ved innsending av dykkar klage, datert 22.05.2020.

Oppmoding om utsett iverksetting vert handsama uavhengig av sjølve klagehandsaminga.

Utgangspunktet er at vedtak i byggesaker kan setjast i verk straks dei er vedtekne og gjort kjend for partane. Når eit vedtak er klaga på, kan underinstansen fatte avgjerd om at eit vedtak ikkje skal setjast i verk før klagen er endeleg avgjort.

Avgjerda vert gjort ut i frå ei heilskaplege og konkret vurdering av klagen og av dei ulike interessene og tilhøva som gjeld sjølve saka. Det sentrale for avgjerda vil vere ei vurdering av dei fordelar og ulemper ei avgjerd om utsett iverksetting vil gje td. uopretteleg skade eller tap for partane.

I vedtaket som er fatta er det gitt dispensasjon frå dispensasjon frå planføremålet fiskeribruk/fiskerihamn i reguleringsplan, frå byggjegrense mot sjøen og frå områdeplankrav for bruksendring av naust/sjøbu til næringslokaler og opparbeiding av parkeringsplassar på gbnr 1/80, 1/285 på Flatøy i Alver kommune. Det er ikkje søkt om løyve per dato.

Administrasjonen vurderer at det er grunnlag for å gje utsett iverksetting av vedtaket om dispensasjon inntil klagesaka er avgjort. I vurderinga av saka har administrasjonen lagt særleg vekt på at det ikkje er føremålstenleg å handsama ein eventuell søknad om løyve før klagen på dispensasjonsvedtaket er endeleg avgjort, då ei eventuell omgjerding av vedtaket som no ligg føre vil kunne føra til at det vert gitt løyve på feil grunnlag slik at også dette vedtaket må

endrast. Det er vidare lagt vekt på at eit vedtak om utsett iverksetting får liten konsekvens for tiltakshavar. Det vert difor gjeve utsett iverksetting av vedtaket om dispensasjon fatta av Utval for areal, plan og miljø i møte 29.04.2020 i sak 059/20.

Denne avgjerda er ei prosessuell avgjerd og kan ikkje klagast på. Fylkesmannen kan på sjølvstendig grunnlag ta stilling til spørsmålet om utsett iverksetting i saka. Eventuelle førespurnadar om dette kan rettast direkte til Fylkesmannen i Vestland.

#### **Aktuelt regelverk**

- Utsett iverksetting av tiltak har grunnlag i forvaltningslova (fvl) § 42.
- Krav om utsett iverksetting skal vurderast med bakgrunn i Ombodsmannen si årsmelding av 1985 på s. 154.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Silje Haukedal  
Avdelingsleiar

Tone Furustøl  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

#### **Kopi til:**

Barbro Wiig Sulebakk  
Øystein Sulebakk

Grønlandsvegen 20  
Grønlandsvegen 20

5918 FREKHAUG  
5918 FREKHAUG

#### **Mottakarar:**

Vestland fylkeskommune

Postboks 7900

5020 BERGEN